



Ålesund kommunale eigedom KF

HESSA BARNESKOLE



RAMMEPROGRAM

Juni 2020



INNHOLDSFORTEGNELSE

1 SAMANDRAG.....	3
2 FORMÅL.....	3
3 ORGANISASJON	3
Arbeidsgruppe	3
Brukargruppe.....	4
Tidligare arbeidsgruppe (t.o.m. 2019).....	4
4 BEHOV	4
Prosjekt.....	4
Overordna plan, dokument m.m.....	4
5 RAMMEPROGRAM	4
Trafikk.....	4
Dimensjoneringsgrunnlag	5
Føringar frå verksemda	5
Foreløpig arealprogram.....	9
Uteområde	10
Miljø.....	11
6 RISIKOANALYSE	11
7 ØKONOMI.....	1211
Enøk tiltak.....	12
LCC-berekning	12
Investeringskalkyle	13
8 FRAMDRIFTSPLAN	14



1 Samandrag

Bystyret vedtok i sak 065/19 å behalde prioriteringa av Hessa skole i den tidlegare vedtekne rekkefølga, med at Hessa skole byggast ut etter Kolvikbakken ungdomsskule og Emblem skule.

Hessa skole har hatt auke i elevtalet sidan 2012. Utklipp av data i Skolporten på UDIR si netteside: <https://skoleporten.udir.no/rapportvisning/grunnskole/fakta-om-opplaeringa/elevvar-laerarar-skolar/hessa-skole?fordeling=2&sammenstilling=1&kjonn=a&orgaggr=a>

syner utviklinga dei siste åra:

Indikator og nøkkeltall	2015–16	2016–17	2017–18	2018–19	2019–20
Talet på elevar	346	355	360	366	359
Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon	17	17	18	19	20
Talet på lærarar	24	25	26	29	31

Hessa skole, Grunnskole, Elevar, lærarar, skolar, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

2 Formål

Rammeprogrammet er første steg for godkjenning av prosjektet i Ålesund kommunestyre.

På grunnlag av **rammeprogrammet** arbeidast det vidare med prosjektet i samarbeid mellom Ålesund kommune og Ålesund kommunale egedom KF, konkretisert ved at det opprettast ei styringsgruppe som skal utarbeide **byggeprogram** i samsvar med «Retningslinjer for kommunale byggeprosjekt».

Rammeprogrammet gir nødvendig bakgrunnsinformasjon om prosjektet og informasjon om lokale og sentrale rammevilkår og føringar. Arealprogrammet gir eit anslag på samla bruttoareal for prosjektet og gir eit grunnlag for kostnadsestimat til innarbeiding i budsjett og økonomiplan.

Rammeprogram (Koordinerast med Bygg 21 sin steg-for-steg-modell)

- Trafikkforhold
- Dimensjoneringsgrunnlag
- Føringar frå verksemda
- Foreløpig arealprogram
- Uteområde
- Framdrift
- Kostnadsestimat med risikoanalyse

3 Organisasjon

Arbeidsgruppe

Denne består av:

- Opplæring – Hilde Sørdal (assisterande kommunalsjef)
- Hessa Skole – Tore Huse (rektor)
- Hessa Skole – Tore Vederhus (assisterande rektor)
- ÅKE - Tiago Carvalho (prosjektansvarlig)



Brukargruppe

Denne består av:

Tidligare arbeidsgruppe (t.o.m. 2019)

Kultur og oppvekst – Bjørn Ivar Rødal (kommunalsjef)
Hessa Skole - Tore Huse (rektor)
Hessa Skole - Tore Vederhus (assisterende rektor)
ÅKE - Gunnar Leira (avdelingsleiar Prosjekt og utbygging)
ÅKE - Tiago Carvalho (prosjektleder, avdelingsarkitekt)

4 Behov

Prosjekt

065/19 – Bystyret, utdrag frå hovuddokument «*Skolekapasitet gjeldende fra skoleåret 2019/2020*»

«**Utbygging av skolene på Hessøya**

Realisering av ein idrettshall i Osane er avgjørende for utviklingen av både Hessa skole og Skarbøvik ungdomsskole. Det vil kunne frigjøre areal innenfor de eksisterende byggene som kan bygges om til undervisningsformål, samt ivareta sentrale føringer i forhold til aktivitet i skolen.

Planene for bygging av idrettshall i Osane, bør derfor sees i sammenheng med utbygging/rehabilitering av de to skolene på Hessøya.»

«**Godkjenning av skoler etter miljørettet helsevern.**

Hessa skole

...Skolen har skoleåret 2018/2019 et elevtall på 366. Avhengig av hvilke utbyggingstiltak av boliger som vil bli godkjent de neste årene, vil elevtallet ved skolen etter prognosene kunne være rundt 400 elever i 2030. Kapasiteten er gitt til å være 300 elever. Det er utplassert tre modulbygg for å møte veksten i elevtallet. Skolen har også behov for bygningsmessige tiltak for å ivareta undervisningstilbudet til enkeltelever.»

Overordna plan, dokument m.m.

Skolekapasitet gjeldande frå skoleåret 2019/2020

5 Rammeprogram

Trafikk

Parkeringsareal for tilsette og besøkande etablerast skild frå foreldreparkering til skolen, 40 parkeringsplassar og av desse minst 2 HC-utforma og 10 til lading av el biler, samt 10 overbygde plassar for sykkelparkering i nærleiken av inngangen/garderoben for dei tilsette.

Parkeringsareal og «kyss-og-køyr»-sone for levering og henting av barn skal etablerast med 10 Parkeringsplassar og av desse minst 1 HC-utforma.



Gangareal ved skolen skal skjermast for bilkøyring.

Varelevering til skolen/nærmiljøanlegget må sikrast slik at tilkomsten ikkje skapar farlege situasjoner.

Det skal etablerast sykkelparkering for elevar, primært frå 5-7 trinn, med minst 220 plassar og så langt det er råd følge **Sykkelhåndboka**: https://www.vegvesen.no/_attachment/69912 som tilseier 0.7 plassar per elev og som samla gir 350 plassar.

Det skal leggjast til rette for varelevering.

For renovasjon skal det være 5 nedgravne konteinarar for innhenting.

Tilkomsten til skolen samt interne hovudforbindelsar skal leggjast til rette for brøyting.

Dimensjoneringsgrunnlag

Dimensjonering:	3parallel@24elevar – 1-7
Dimensjonerande elevtal	504
Tal på pedagogar	40
Tal på tilsette	61
Mengd trinnareal	7
Areal pr. klasserom (24 elevar)	65 m ²
Elevar per årstrinn	72
Mengd klasserom	21
Mengd grupperom	10

Føringar frå verksemda

LIKT – Læring, Inkludering, Kultur og Trivsel

Personalet ved Hessa skole skal alltid ha elevane sitt beste i fokus og arbeide for at elevane skal vere trygge og ha det godt på skolen. Skolen sitt mål er at alle elevar skal tenkje tilbake på tida ved Hessa skole som ei trygg og god tid.

PEDAGOGISK PLATTFORM

Felles for mange tidligare byggeprosjekt, er at dei i stor grad er tufta på ein ide om å skape ein skole for framtida. Kva det inneber, kan være vanskeleg å konkretisere. Det vi veit er at arbeidsmarknaden i framtida vil stille krav til annen kompetanse enn det vi tradisjonelt har fokusert på i skolen.

Det kan synest som om endringane i samfunnet går raskare på alle område i dag enn tidlegare.

Folk skiftar jobbar langt oftare enn før og endringar på den enkelte arbeidsplass er ofte meir omfattande enn tidlegare. Den digitale utviklinga gjer at menneska mister arbeidsoppgåver, noko som gjer det framtidige sysselsettingsbiletet annleis enn i dag.

Det vil være naudsynt å legge til rette for ein skolekvardag som i langt større grad gir elevane kompetanse til å endre, enn kva som er tilfelle i dag. Ein 6-åring som startar på Hessa skole i august 2020, skal ut i arbeidslivet 15 – 20 år etterpå. Kva som trengs av kunnskap og kompetanse i 2040 og åra etter det, kan vi bare ane. Det einaste sikre er at behova har endra seg og at evna til å følgje med som aktiv deltakar i ei omskifteleg og stadig mindre føreseieleg verd, vil vere viktig kompetanse. Skolen si oppgåve blir dermed også å bidra til forståing av at læring er ein vedvarande prosess, der kvar enkelt må og skal bidra med sitt.



I framtida vil det truleg bli vanskelegare bare å konsumere det andre produserer. Omstilling og tileigning av ny kunnskap, kompetanse og evne til å endre det som var, vil vere avgjerande.

På den måten vil samfunnet i enda større grad vere avhengig av at alle bidreg. Ei av skolen sine viktigaste oppgåver vil difor vere å bidra til at barn og unge får ein oppvekst som kvalifiserer alle til eit godt vaksenliv med deltaking i samfunns- og arbeidsliv, slik det er formulert i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Det vil også vere nødvendig å bygge relasjonskompetanse, samtidig som ein ikkje mister eit fagleg fokus. Det er viktig at ein ny skole baserer seg på å stimulere og utvikle den gode elev-/lærar-relasjonen, der læraren gjennom sin faglige dyktigkeit fangar elevane si interesse. Det skal være meiningsfullt og givande å gå på skole. Det bør vere ein føresetnad og nærmast eit mål at 1.klassingen si nysgjerrigkeit og vitebegjær skal blomstre og utviklast gjennom heile skoleløpet.

Det vil være nødvendig med eit auka fokus på solidaritet og utvikling av gode relasjonar mellom menneske, dersom vi skal halde ved lag eller jamvel forbetre livskvaliteten vår i framtida. Leggast ei slik forståing til grunn, har skolen ei unik mogelegenhet som samlande møtestad til å bidra positivt til god oppvekst for kvar enkelt i samspill med andre. Dialogen mellom vaksne og barn er viktig. I eit nytt skolebygg må det skapast arenaer kor arkitekturen spelar på lag med ei slik kjensgjerning.

Det har i mange år blitt hevda at skolen må opne seg mot samfunnet. Dette kan oppfattast ved at skolebygget legg til rette for aktivitet også utover normal skoletid, men det er korkje nytenkjande eller at det nødvendigvis har betydning for sjølv skoleverksemda. Går ein djupare inn i forståinga, vil det være vesentleg å legge til rette for ein skole som ikkje oppfattast å vere på sida av samfunnet. Skolen må difor velje ei aktiv rolle i eit raskt skiftande samfunn. Kva om målet var å lage ein skapande skole, som bidrar til personlige haldningar, individuelle erfaringar og viktig kompetanse for framtida? Då vil det være vesentleg å skape verdifulle opplevingar, gruppodynamikk, tilhørsle og fellesskap, som også evnar å inkludere eit aktivt nærmiljø.

DEN MOTORISKE SKOLEN

«Motorikk omfatter i utgangspunktet ikke noe «mer» enn kjente fysiske og psykososiale forhold. Med fysiske forhold menes her først og fremst biologiske (anatomiske, fysiologiske, kjemiske) strukturer og prosesser. Psykososiale forhold står for bevissthets-prosesser som for eksempel persepsjon, forestilling, tenking, følelser og sosiale størrrelser (sosialt miljø, venner, familie, forventninger og normer). Motorikk kan dermed forstås som det settet av fysiske og psykososiale strukturer og prosesser som har umiddelbar betydning for regulering og kontroll av menneskelig bevegelse.»

THOMAS MOSER, 1.AMANUENSIS, HØGSKOLEN I VESTFOLD

Ein stillesitjande livsstil er eit globalt problem. (Helsedirektoratet 2014; WHO 2010)

Vår moderne livsstil gir oss ikkje dei same mogelegheitene til fysisk aktivitet gjennom kvardagsaktivitetar som tidlegare. Vi køyrer bil til og frå arbeid, skole, barnehage og fritidsaktivitetar. Vi tar heis, bestiller varer på nettet, og slik blir også kvardagen for barna våre også meir stillesitjande enn før. Tida vi bruker framføre ein skjerm aukar. (Karsten 2005)

Fag som livsmeistring og folkehelse er på veg inn i skolen. Fleire spør seg om naturen si betydning for oss menneske, og om det er ein samanheng mellom ein god barndom og natur. Mange vaksne



menneske hugsar opplevingar frå leik i eigen barndom som inneheld minne om naturopplevingar, lukter, lydar, lys og tekstur. Vi får kanskje slik eit romantisk syn på kva ein lukkeleg barndom bør innehalde? (Sanderud og Gurholt, 2014) Når barn leikar utandørs i naturen syner fleire studiar at intensiteten i barn sin fysiske aktivitet aukar, og det visast til fleire positive helseeffektar. (Herrington & Brussoni 2015; Fasting 2012; Bjørgen 2014)

Vi veit at dagleg fysisk aktivitet er viktig, og helsedirektoratet sine anbefalingar er 30 min. moderat til intensiv fysisk aktivitet per dag for vaksne, og 1 time per dag for born. I den seinare tida er det også vektlagt at intensiteten bør være høy. Fleire framhevar betydinga av dette, og meiner at helseeffekten av ustukturert/frie aktivitetar ikkje nødvendigvis er gode nok. Men at ein også bør legge til rette for strukturerte/vaksenstyrte aktivitetar for at helsegevinsten skal bli større. (Driediger, Vanderloo, Truelove, Brujins & Tucker 2018)

Skolen må være utforma slik at lokala innbyr til fysisk aktivitet både inne og ute. Det bør være trinnareal som kan gjerast om til opne flater – og fellesareal og uteområde som tar høgde for den motoriske utviklinga til barn i alderen 5 til 13 år («motorisk gullalder»).

DEN PRAKTIK-ESTETISK SKOLEN

Musene var i gresk mytologi dei gudane som utvikla og forvalta dei kunstnariske ferdighetene og gåvene: musikk, formgiving, fargar, drama, dans, ikkje som samfunnsfaktorar i ein eigen sektor åtskild frå sjølve livet, men meir som ferdigheter, gledeskjelder og byggesteiner i all menneskeleg aktivitet. Skolen med sin unike posisjon «der alle møtast» bør ta dette innover seg. Kunstfag eller praktisk musiske fag har ikkje patent på dei estetiske og kreative læreprosessane. Når ein har lært korleis ein skal søke å anvende dei, finst dei overalt. Det er ein myte å identifisere kunst med kreativitet og vitskap som problemløsing. Kanskje er vitskap vel så mykje kunst som at problemløsing handlar om kreativitet.

Det musiske er altså ikkje knytt til bestemte fagområde. Vi vil hevde at musisk praksis finn ein like lett i fysikk og matematikk, som i formingstimen. Det handlar om å skape synlegheit og verdsette dei musiske verdiar og den musiske praksisen, slik at ein kan inspirere kvarandre og la faga smelte saman parallelt.

DEN DIGITALE SKOLEN

«Digitale ferdigheter vil si å kunne bruke digitale verktøy, medier og ressurser hensiktsmessig og forsvarlig for å løse praktiske oppgaver, innhente og behandle informasjon, skape digitale produkter og kommunisere. Digitale ferdigheter innebærer også å utvikle digital dømmekraft gjennom å tilegne seg kunnskap og gode strategier for nettbruk»

- RAMMEVERK FOR GRUNNLEGGENDE FERDIGHETER (2012)

Skolen må være utforma slik at den står rusta til å møte den digitale framtida – og kunne gi elevane den digitale kompetansen for å manøvrere seg i ei stadig meir digitalisert verd.

I fagfornyinga som skal innførast frå skolestart i 2020, ligg det mange føringar for korleis undervisninga skal organiserast i skolen. I alle fag snakkar vi om djupnelæring, tverrfaglegheit og digitale kompetansar.



Spesialrom for koding/programmering - og tilrettelegging for at elevene og lærerane har eigne digitale einingar som samsnakkar med kvarandre og felles digitale tavler over heile skolen.

VERDIGRUNNLAG

Alle skolebygningar rommar eit verdigrunnlag. Skolebygninga kan ikkje bli betre enn det menneskesynet som den er bygd på.

Det heiter seg at ein ikkje skal bygge sitt hus på sand. På fjell skal huset byggast - og grunnfjellet er det menneskesynet som setter eleven og hans/hennes livsmiljø i sentrum. På dette grunnfjellet skal det byggast ein godt armert grunnmur som setter rammene for alle små og store aktiviteter. Vår skole skal aktivt bidra til at unge menneske får lyst, anledning og stimulans til å realisere seg sjølv, på ein måte som kjem fellesskapet til gode.

Det ideelle fellesskapet er slik at den enkelte kan utfolde sine evner og anlegg samtidig som det tener fellesskapet. Fellesskapet legg band på den enkelte si sjølvutviflning, samtidig som det opnar for mogelegheiter.

I eit godt arbeidsmiljø har deltakarane ei oppleving av eit forpliktande fellesskap. I skolen kan dette fellesskapet styrkast ved fellesopplevingar som går ut over faga.

Tenk bare på alle mogelegheitene som ligg i dei estetiske, musiske faga, musikk, dans, drama, poesi, forming, teikning, fri leik og fysisk aktivitet. Det er ein gammal visdom at det er nær samanheng mellom etikk og estetikk. Læreplanens krav om å sjå det heile mennesket er og skal være retningsgjevande. Derfor er helsefremjande arbeid og tilrettelegging for dette, umåteleg viktig i ei heilskapleg tenking rundt barna si utvikling og oppveksten deira. Faget kan altså ikkje leve isolert. God helse er ein av føresetnadane for gode læringsprosessar.

Det kan slås fast at mennesket er heilt, samansett og unikt. Skolens og dei tilsette sine oppgåver er å finne eleven der ho og han er, for så å bidra til vekst og utvikling ved å bygge Stein på Stein.

Erkjenning av det heile, samansette og unike mennesket må få gjennomslag i skolen sitt arbeid.

Det er ei utfordring å etterleve samfunnet sine krav og ønske om å utvikle menneske som har evne til å realisere eigen kreativitet og energi som kommer alle til gode. Derfor er sluttmålet til skolen å stimulere barn og unge til å utvikle si eiga evne til å realisere seg sjølv og slik at det kommer fellesskapet til gode.

LÆRING

Dagens skole har utvikla seg enormt dei siste 10-15 åra. I dag opplever fleire barn enn tidlegare at skolen er tilpassa barnekulturen og barnet si utvikling. Jon-Roar Bjørkvold ga i si bok «Det musiske mennesket – 1991», eksempel på forskjellen mellom barnekultur og skolekultur (sjå fig.).

Mykje har endra seg dei seinare åra, men for å lykkes i læringsarbeidet, må skolen legge til rette for aktivitet, der barnet sin fantasi, leik og livsutfolding må få plass. Sluknar nysgjerrigheita, så forvirrar lærelysta og skolen blir for mange eit pliktløp, der karakterar og gode vitnemål blir den kunstige motivasjonen framfor vitebegjær og indre glede ved stadig å utvide eigen horisont. I ein slik samanheng må skolen også være bevisst læringsfremjande prinsipp. Det finst forsking på kva som verkar og kva som ikkje verkar.

BARNEKULTUR	SKOLEKULTUR
Livsutvikling	Fagprogresjon
Lek	Studium
Muntlig	Boklig
Musisk	Logisk
Inderlig	Distanse
Fantasi	Fornuft
Improviser	Forberedt
Støyende	Taus
Kroppsglede	Gymnastikkøvelser



For skolen er det ei oppgåve å bruke det som gir resultat. For planleggarane av eit nytt skolebygg er det viktig at arkitektur og organisering av bygget, bygger opp under dei pedagogiske intensjonane som er nemnt i dette dokumentet.

SKOLEN I NÆRMILJØET

Skolen må sjåast som ein koordineringsstad for læring. Læring skjer i mange samanhengar og på varierande arenaer, ikkje bare på skolen og i klasserommet. Det bør derfor inspirerast og stimulerast til samhandling og fleksibilitet med andre aktørar og andre arenaer i skoledrift.

Kva slags anlegg trengs så ut frå ei nærmiljøtenking? Tanken om å gjere skolen til eit miniatyrsamfunn, der ein innbyr til myldring, samhøyr og aktivitet, vil være forståeleg når rammene og konteksten er at læring skjer over alt. Derfor er det så viktig å legge til rette for læringsmiljø som stimulerer til auka læringsutbytte. Openheit og fleksibilitet i bygningsmassen, med eit utrykk og ei form som innbyr til aktivitet og samhøyr, er derfor heilt sentrale element.

I dagens samfunn kan det synes som om ei av dei viktigaste oppgåvene blir å vitalisere fellesskapet. Det blir viktig å skape felles arenaer. Skolen er ein slik arena, og kan, dersom den lykkes, bidra til openheit og medspelar i eit nærmiljø. Det er tradisjon både på Hessa og i Skarbøvika at foreldre og andre engasjerer seg i skolen. Derfor er det naturleg at dette først vidare også ved ein ny skole på Hessa. Eit nærmiljøanlegg vil forsterke dette, men det vil krevje kreativitet og innsats for at anlegget skal bli eit kraftsenter til beste for utvikling av nærmiljøet. Skolen må opne seg og sleppe andre aktørar inn i bygget, kanskje ikkje bare som leidgetakar og til låns, men også med reell innverknad på bruken av eit offentleg anlegg.

Foreløpig arealprogram

Funksjon	Areal	Per elev
Avdelingsareal		
Klasserom minst 21 à 65 m ²	1743	3,458
	1365	2,708
Grupperom	126	0,250
Trinnareal	252	0,500
Elevgarderobar m/toalett	403	0,800
SFO	75	0,149
Aktivitetsrom	75	0,149
Spesialisert læringsareal	1166	2,313
Mat og helse	75	0,149
Bibliotek	50	0,099
Naturfag - Teknologiverksted - Skaparverkstad	130	0,258
Musikkavdeling	120	0,238
Kunst og handverk	180	0,357
Kroppsøving	611	1,212
Allrom/Fellesareal	252	0,500



Kantineareal, inngangsparti med trappeamfi	237	0,470
Gjestetoalett	15	0,030
Personalfunksjoner	450	7,377
Leiing og administrasjon	50	10,000
Teamrom	240	6,000
Kopi-/produksjonsrom	10	0,250
Møterom	28	0,700
Personalrom	73,2	1,200
Personalgarderobar med toalett	48,8	0,800
Elevtenesta	20	0,040
Kontor for helsejukepleiar, PPT mm	12	0,024
Kvilerom	8	0,016
Drift og reinhold	91	0,181
Driftskontor med verksted og lager	15	0,030
Varemottak	6	0,012
Reinhaldssentral og reinhaldsrom	30	0,060
Skolelager	20	0,040
Lager eksterne brukarar	20	0,040
Avfallsrom (nedgrave utvendig system)	0	0,000
Sum nettoareal	4 200	8,3
Brutto areal ca.	5 800	11,5

Uteområde

Skolen har som mål å være ein aktiv skole i forhold til lek, sport og kulturaktiviteter. Det er derfor viktig at forholds ligg til rette for slik aktivitet.

Utearealet skal stimulere til aktivitet året rundt. Her skal alle barn i ulike aldrar kunne boltre seg, drive med ulike aktiviteter. Det skal være eit område som er prega av ei blanding av skog, asfalt og gras.

Følgande forhold bør ivaretakast ved utforming av uteområdet:

- Det er områder med skog/busker der det kan byggast hytter.
- Det er ballbaner: fotball/ handball/ dødball/ basket med asfaltdekke. Varierte størrelsar på baner for store og små elevar
- Skateboard - sparkesykkelplass med haugar – sopper
- Sklie, store klatrestativ, husker, vipper, balansebommer
- Ute-bordtennisbord
- Asfalerte små veier som slynger seg rundt
- Ei hinderløype/Parkour
- Sandkasser og klatremogelegheiter/klatrevegg som også er utfordrande for dei største elevane
- Ballbinge der det kan spelast basket, fotball, kanonball og sprøyta skøytebane om vinteren
- Sandvolleyballbane



- Ballvegger
- Eit område som er "roleg sone" – det er i nærleiken av skolebygninga , godt oversiktleg for dei vaksne og der det er gode sitteplassar som innbyr til trygg lek.
- Grasområde der det kan drivast friidrett, turn og leik.
- Mogelighet for ski- og akebakkar.
- Legge til rette for ulike sanseopplevingar.

SITTEPASSAR OG SAMLINGSSTEDER

- Ei stor utescene som kan kombinerast med sitteplassar ute.
- Pergola/gapahuk der vi kan ha uteundervisning og ein fast bålpass under tak.
- Bord og benker og skjerms sitteplassar.
- Utebuer til uteutstyr.

Miljø

Det skal avklarast mogelegheiter for å oppnå BREEAM-NOR Excellent sertifisering, og som minstemål BREEAM-NOR Good ved ferdigstilling av bygget.

6 Risikoanalyse

	Tekniske	Menneskelige	Økonomisk
Eksterne	<ul style="list-style-type: none">• Miljøkrav - anskaffingsstrategi• Andre myndigheter	<ul style="list-style-type: none">• Politisk behandling• Interessentgrupper	<ul style="list-style-type: none">• Krav utover medtatt dimensjonering og funksjon• Andre verksemder i kommune
Verksemrd	<ul style="list-style-type: none">• Nye krav	<ul style="list-style-type: none">• Endring av bemanning	<ul style="list-style-type: none">• Auka kostnad med spesifikk utstyr• Auka spesifikasjon iht. standard.
Prosjekt	<ul style="list-style-type: none">• Teknisk løysing (bla. brutto/netto faktor)• BREEAM sertifisering• ZEB sertifisering	<ul style="list-style-type: none">• Bemanning for handtering av prosjektet	<ul style="list-style-type: none">• Kontrakts strategi• Estimeringsmetodar• Spelemidlar• Andre støtteordningar• Tilfluktsrom



7 Økonomi

Ålesund kommune vedtok budsjett for skoleprosjektet med ei kostnadsramme NOK 150 mill. 2018.

Bakgrunnen for at kostnadsestimatet har auka er i hovudsak følgande faktorar: Indeksregulering, auka elevtal og at det er avdekkja auka behov for rehabilitering og sanering av eksisterande bygg.

Enøk tiltak

Målloppnåing som beskrive under miljø er ikkje kostnadsberekna nedanfor, fordi det er avhengig av tomteval, tiltak og mogelege løysingar. Det beskrivast nærmare ved utgreiing av **byggeprogram**. Det kan anslåast ein meirkostnad på mellom 5 og 15 %, avhengig av miljømålloppnåing. Dette anslaget er basert på eigedomsføretaket sine kvalifiserte vurderingar i samråd med ekstern rådgjevar Green Advisers.

Dei overordna miljømåla er:

«Bygg og anlegg

- Nybygget til kommunen skal som hovudregel vere nullutsleppshus med målsetjinga ZEB – COM og minstekrav ZEB - 0.
- Kommunen sine nybygg skal som regel målsetjinga vere å oppnå BREEAM-NOR Excellent og BREEAM-NOR Good som minstekrav ved ferdigstilling.
- Kommunen skal jobbe for at dei lokala som leigast er miljø- og klimavennlege.
- Det skal fokuserast på å bruke klimavennlege materiale og minimere transportavstand.
- Alle bygge- og anleggspllassar skal redusere bruken av fossilt drivstoff med 50 % innan 2023 og vere fossilfrie innan 2025.»



LCC-berekning

LCC-berekningar basert på erfaringstall frå ISY-Calcus etter NS 3454



(2019)	totalt	kr/m ²
2 - Forvaltningskostnadar	kr 487 385	kr 84
3 - Drift- og vedlikehaldskostnadar	kr 1 017 352	kr 175
4 - Utskifting- og utviklingskostnadar	kr 1 601 370	kr 276
5 - Forsyningskostnadar	kr 1 024 852	kr 177
6 - Reinhaldskostnadar	kr 1 495 985	kr 258
7 - Service-/støttekostnad til kjerneverksemda	-	-
8 - Verksemdspesifikke kostnadar	-	-
9 - Verdi- og inntektselement	-	-
SUM	kr 5 626 944	kr 970

Utomhus – 10000 m², inkl. 40 bilplassar

(2019)	Årskostnad	totalt	kr/m ²
2 - Forvaltningskostnadar	kr 57 400	kr 6	
3 - Drift- og vedlikehaldskostnadar	kr 359 800	kr 36	
4 - Utskifting- og utviklingskostnadar	kr 74 900	kr 7	
5 - Forsyningskostnadar	kr 18 900	kr 2	
6 - Reinhaldskostnadar	-	-	
7 - Service-/støttekostnad til kjerneverksemda	-	-	
8 - Verksemdspesifikke kostnadar	-	-	
9 - Verdi- og inntektselement	-	-	
SUM	kr 511 000	kr 51	

Investeringsskalkyle

Investeringsskalkyle oppsett etter NS 3453:2016, erfaringstall frå ISY Calculus

Skolebygg inkl. kroppsøving areal	Pris	kr/m ²
PROSJEKTKOSTNAD (2019)	kr 204 000 000	kr 35 172
KOSTNADSRAMME (2019)	kr 214 200 000	kr 36 931
PRISUTVIKLING (2020)	kr 8 600 000	
KOSTNADSESTIMAT (Juli 2020)	kr 222 800 000	kr 38 414

Utomhus – 10000 m², inkl. 40 bilplassar	Pris	kr/m ²
PROSJEKTKOSTNAD (2019)	kr 9 000 000	kr 900
KOSTNADSRAMME (2019)	kr 9 500 000	kr 950
PRISUTVIKLING (2020)	kr 400 000	
KOSTNADSESTIMAT (Juli 2020)	kr 9 900 000	kr 990

Estimert samla prosjektkostnad **kr 232 700 000**



8 Framdriftsplan

STEG	Fra	Til
Steg 0		
Steg 1 - Strategisk definisjon Rammeprogram	er i gang	<i>3 kvartal i 2020</i>
Steg 2 - Program og konseptutvikling Byggeprogram	er i gang	<i>1 kvartal i 2021</i>
Steg 3 - Bearbeiding av valt konsept Skisse-, forprosjekt. Samspillsfase	<i>1 kvartal i 2021</i>	<i>4 kvartal i 2021</i>
Steg 4 – Detaljprosjektering TE /samspillsentreprenør er engasjert	<i>1 kvartal i 2022</i>	<i>1 kvartal i 2022</i>
Steg 5 – Produksjon og leveransar Byggeperiode til overtaking	<i>2 kvartal i 2022</i>	<i>1 kvartal i 2024</i>
Steg 6 – Overlevering og ibruktaking Fra overtaking til utløp reklamasjonsperiode	<i>2 kvartal i 2024</i>	<i>3 kvartal i 2024</i>
Steg 7 – Bruk og forvaltning	<i>4 Kvartal 2024</i>	
Steg 8 –Avvikling		